

---

Saksnr: 2020/35690-51  
Saksbehandlar: Karl Inge Nygård  
Dato: 15.12.2020

---

---

**Til:** Hovudutval for samferdsel og mobilitet, fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

## Tilrettelegging for utlysning av nullutsleppspilot snøggått

### 1. Bakgrunn

Fylkesutvalet i Vestland fylkeskommune vedtok den 29.09.20 følgjande:

*Fylkesutvalet ber vidare om at fylkesrådmannen legg til rette for utlysning av ein nullutsleppspilot.*

*Fylkesutvalet ber om ei sak i november der momenta i punkt 4 i notat datert 22.09.20 er utgreid:*

*[...]*

- *Konkurrans- og kontraktsstrategi for pilotkontrakt*
- *Framlegg til samband- eller rekkeviddekrav for pilotfartøy*
- *Eigarskapsmodell for pilotfartøy*

Vestland og Trøndelag Fylkeskommunar har samarbeida om eit eventuelt utviklingsløp for framtidens hurtigbåt gjennom 2020. Fylka har drøfta utviklingsbehovet med marknaden, vurdert ulike konkurranse- og kontraktsmodellar inklusive alternative eigarskapsmodellar av pilotfartøy, og undersøkt høve rundt statleg medfinansiering av teknologiutviklinga. Samarbeidet er utvida til å inkludere også Nordland og Troms og Finnmark fylkeskommunar som skal gjennomføre liknande utviklingsløp.

Det er sett saman ei prosjektgruppe med representantar frå alle fire fylkeskommunane som skal koordinere og forankre samarbeidet inn mot dei respektive fylkeskommunane. Samarbeidsform mellom fylka er under utarbeiding, og strategiske avgjerder for anskaffinga vil avhenge av forma på prosjektsamarbeidet.

Juridiske og prosessuelle vurderingar vert omtala kort i det følgjande.

### 2. Status og orientering

## 2.1. Vurderingar for piloten

Arbeidet med vurdering av momenta som vart etterspurt i Fylkesutvalet sitt vedtak frå 29. september 2020 har pågått i parallell med kartlegging av eit fylkeskommunalt samarbeid. Det vil difor ikkje verte lagt fram tilrådingar i denne orienteringa i påvente av at samarbeidsform vert avgjort.

Det er utarbeidd juridiske notat med tilråding som både omhandlar prosedyreform og eigarskapsmodell for pilotfartøy. Sjølv om tilrådingane byggjer på det tenkte tilfellet at Vestland gjennomfører ein pilot utanfor eit fylkeskommunalt samarbeidsprosjekt, er vurderingane verdifulle innspel og vil kunne nyttast i eit fylkeskommunalt samarbeid om konkurranseutsetting av designkontrakt og bygg og pilotering av eit eller fleire nullutslepps fartøy.

Aktuelle samband for pilotfasen og for etterfølgande driftssamband med kontraktsoppstart etter pilotfase er vurdert for Vestland.

## 2.2. Status fylkeskommunalt samarbeid

Det fylkeskommunale samarbeidet er utvida til eit samarbeid mellom dei fire fylkeskommunane Trøndelag, Nordland, Troms og Finnmark og Vestland. Kvar fylkeskommune stiller med ein prosjektleiar/koordinator til ei prosjektgruppe som koordinerer aktivitet og forankring mot dei respektive, kalla prosjektsekretariat i figur nedanfor.


Det er foreløpig ikkje endeleg avgjort kva eigarform prosjektet skal underleggast eller kva mandat prosjektet skal få. Felles målsetting som ligg til grunn for prosjektsamarbeid er å legge til rette for utvikling av utsleppsfrie hurtigbåtar med strenge krav til fart, kapasitet og rekkevidde. Meir spesifikt er det eit mål for samarbeidet å designe fartøy i to utviklingsløp, eitt for å teste hydrogenteknologi og eitt for å teste energieffektivisering.

Felles mål, organisering og planar vil verte utgreia i ei felles politisk sak som er under utarbeiding og som vil meldast inn til handsaming i alle fire fylka som inngår i samarbeidet.

Fylkeskommunane går samla inn for å gjennomføre eit felles utviklings- og demonstrasjonsløp som inneheld design, bygg, pilot og drift av eit par utsleppsfrie fartøy. I prosjektet er det planlagt to parallelle utviklingsløp som skal resultere i 2-4 byggeklare design som etter pilotperioden skal settast i drift.

Ein har på vegne av fylkeskommunane planar om å opprette ei autonom prosjektgruppe med ein innleigd prosjektleiar som skal leie prosjektet og drive dette framover basert på det mandatet fylkeskommunane gjev prosjektet.

Prosjektorganisasjonen er nærare skildra i figuren nedanfor.



Fylkeskommunane går samla inn for å gjennomføre eit felles utviklings- og demonstrasjonsløp som inneheld design, bygg, pilot og drift av eit par utsleppsfrie fartøy. I prosjektet er det planlagt to parallelle utviklingsløp som skal resultere i 2-4 byggeklare design som etter pilotperioden skal settast i drift.

Om ein vel å skilje ut bygg og pilot for gjennomføring i den enkelte fylkeskommune vil vurderast seinare i prosessen ut frå resultatata frå designfasen.

### 2.3. Tilskot frå verkemiddelapparatet

Trøndelag, Vestland, Nordland og Troms og Finnmark fylkeskommunar har i fellesskap søkt om midlar frå Miljødirektoratet (Klimasats) i støtte til ei utviklingskontrakt for utsleppsfrie hurtigbåtar. Fylka ba i søknaden om eit tilskot på 75 MNOK, medan støtte frå Miljødirektoratet datert 26.11.2020 til «Fremtidens hurtigbåt: Design og konseptutvikling» gav ei tilsegn pålydande 56 millionar kroner.

Tilsegna inneheld også enkelte krav til gjennomføring som ein føresetnad for støtte. Blant anna er det stilt krav til at prosjektet eller tiltaket må bidra til utviklinga av hurtigbåtar utan klimagassutslepp, at prosjektet skal bidra betydeleg til å redusere dagens utslepp, samt krav til energikjelder som kan nyttast i utviklingsprosjektet.

Det vert prosjektet sitt ansvar å sjå til at ein til ei kvar tid oppfyller krava som følgjer med tildelinga av midlar, herunder at aktivitet i prosjektet jamleg vert rapportert til verkemiddelapparatet. Miljødirektoratet har notert seg at fylkeskommunane trass i overlapp i utfordringar og behov angående hurtigbåtar også har ulike behov som knyt seg til passasjertal, rutelengde, fartsområde og liknande. Miljødirektoratet oppfordrar fylkeskommunane om å samarbeide om utviklingskontrakter som kjem alle til gode framfor å konkurrere om støtte til dei ulike utviklingsprosjekta.

### 2.4. Vidare framdrift

Fylkeskommunane som deltek i samarbeidet ser fleire fordelar og synergjar ved å samle alle initiativ under ei felles fane «Fremtidens hurtigbåt del II». Sjølv om det i framdriftsplan for prosjektet er lagt opp til to pilotløp, ynskjer ein i samarbeidet å viske ut grensene for dedikerte løp for kvart av fylka. Med det meinast at sjølv om dei ulike fylka til dels har ulike behov og utfordringar knytt til hurtigbåtar, legg ein opp til at alle fire fylke får like stor innverknad og involvering i pilotløpa.


Som nemnt i politisk sak som omhandlar konkurranseutsetjing av driftskontrakter for Rutepakke 1 og 2, så har marknaden uttrykt eit ønskje om å forskyve konkurransane for å unngå samanfallande prosessar og dermed høgt press på kapasitet og økonomi.

Det fylkeskommunale samarbeidsprosjektet har også uttrykt ønske om å samkøyre alle initiativ frå fylka, og har basert på ei tilrådd utsetjing for pilotløp i Vestland skissert følgande tentative framdriftsplan:

Pilotløp 1 og 2 skal begge lysast ut i august 2021. Ein planlegg kontraktssignering rundt årsskiftet 2021/22, og designfasar som går over heile eller delar av 2022. Bygg av pilotar er planlagt i 2023/24 og pilotering av fartøy vil sannsynlegvis gjennomførast i 2024. Fasane etter designfasen er med atterhald om statleg medfinansiering.

Prosjektet har også ein ambisjon om å kartlegge og fasilitere utvikling av infrastruktur for overføring av utleppsfrø energi frå land til fartøy parallelt med designkonkurransane.

Planen er også skildra i figuren nedanfor:



### 3. Oppsummering

Fylkesrådmannen legg opp til å skyve utlysing av ein pilotkontrakt til august 2021 som skissert i framdriftsplan for prosjektet. Utsettinga er i hovudsak grunngjeve i at ein skal sikre samarbeidet med dei andre fylkeskommunane, og i marknaden sitt ønske om faseforskyving av dei kommande hurtigbåtkonkurransane frå Vestland fylkeskommune.

Andre moment som talar for utsetjing av utlysingstidspunktet er at ein gjennom eit samarbeid sikrar best mogleg kvalitet i konkurransegrunnlag og gjennomføring. Ein vil også sikre best mogleg bruk av tildelte midlar. Her viser ein også til oppfordring frå Miljødirektoratet om å gjennomføre pilotløp som er til nytte for flest mogleg framfor å ta omsyn til det enkelte behov.

Ein ser det som sannsynleg at eit fylkeskommunalt samarbeid vil gje eit betre og meir føreseieleg kostnadsbilete både for Vestland og dei andre fylkeskommunane, og ein sikrar at alle fylka kan påverke bruken av tildelte midlar.

Ei felles utlysing i august 2021 vil bidra til at flest mogeleg aktørar i marknaden har kapasitet og økonomi til å delta i konkurransen. Det vert her vist til marknaden si tilbakemelding om høg belastning dersom anskaffingar av pilotkontrakt vert utlyst meir eller mindre i parallell med rutepakke 1 og 2.

Eit fylkeskommunalt samarbeid med ei felles dedikert prosjektgruppe vil ha gode føresetnader for å planlegge prosessar og konkurransar som gjer at pilotkontrakten kjem best mogleg til nytte for

næringa, og som samtidig bidreg til best mogleg teknologiutvikling for lav- og nullutsleppsløysingar for hurtigbåt.

Samarbeidet legg til rette for erfaringsdeling på tvers av fylka, som alle per i dag har mykje kompetanse på ulike område som til dømes teknologiutvikling og på maritime fagfelt. Ein vil også kunne sjå ytterlegare synergieffektar både av teknisk og økonomisk karakter, eksempelvis

- samla ekspertise frå dei fire fylka i eit felles prosjekt med kompetanse og dedikert kapasitet
- felles søknadsprosessar mot verkemiddelapparatet og etterfølgande bruk av tildelte midlar
- felles gjennomføring av anskaffingar og delt arbeidsbelastning per fylkeskommune